



Kven har ansvaret for å rydda opp på Børnes Industriområde? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dei fire frå Uskedalen som er innvalde fast i kommunestyret og dei sju varafolka som også er invitert vil få ei lang liste å kommentera når dei møter til "ettervalmøte" i Gamleskulen tysdag kveld. Dette er berre nokre døme:**

\* Eit sakskompleks som sikkert kjem opp er framtida for Børnes Industriområde. Det er grunn til å venta ein ny giv for dette området utifrå det som vart sagt under valkampen. Men kven har i første omgang ansvaret for å rydda opp i kaoset som set sitt preg på store delar av området? Mange som har vore innom i den seinare tid har vorte sjokkerte over korleis det ser ut der. Samstundes har dei stilt spørsmål om kva som eigentleg er lagra på Børnes-kaia og om det er nokre faremomenter knytt til det..

\* Ei anna sak som har vorte svært aktuell i det siste er høgspantlina gjennom bygda, som det er sterkt ønskeleg blir lagt i jorda. Her har Uskedal Utvikling og to velforeningar sett sterkt søkeljos på Kvinnherad Energi si handtering av saka.

\* Bustadfelt og bustadbyggjing er eit svært aktuelt tema. Fleire prosjekt og deira framdrift vil bli berørt og politikarane vil bli spurt om prioritering.

\* Tilstanden til Uskedalen Oppvekstsenter er også ei sak som opptar stadig fleire. Nyleg har det kome ein nedslåande tilsynsrapport om korleis det står til med huset og i nær framtid skal FAU kommentera utvalgsinnstillinga som ligg føre også for vårt oppvekstsenter. Men kva seier politikarane førebels?

\* Gode innspel om Gamleskulen som møteplass er det også grunn til å ynskje under møtet.

Torfinn Myklebust (IP), Gunn Mari Moberg (H), Bjarne Lilleås (V) og Tove Lill Lakselv (Frp) får nok å kommentera, men det er sjølvsagt begrensa kva dei kan svara for så tidleg i leiken.

Personkabalene er jo ikkje ferdiglagte og kommunestyret ikkje konstituert – det skjer først den 18. oktober. Men oppvarminga er altså i gang.....

Av Ola Matti Mathisen